

Vaksne med alvorleg psykisk lidning poliklinisk behandling

Alvorleg psykisk lidning, dvs. psykoseliding, alvorleg depresjon, mani eller bipolar lidning, er forholdsvis sjeldne tilstandar og ca. 1-3,5 % av innbyggerane vil få ei psykoseliding i løpet av livet. Alvorleg psykisk lidning kan føre til langvarig og stort funksjonsfall og omfattande hjelpebehov, mens andre kan ha eit meir kortvarig sjukdomsforløp. Pasientar med alvorleg psykisk lidning får ofte både poliklinisk behandling og døgntil behandling i spesialisthelsetenesta.

Utval og definisjonar

Vaksne mellom 18 og 64 år som i 2014–2018 hadde minst ein poliklinisk kontakt i psykisk helsevern, tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidingar (TSB) eller hos avtalespesialist i psykisk helsevern, med alvorleg psykisk lidning som hovud- eller bitilstand er inkludert. Alvorleg psykisk lidning (ALV) er definert ved ICD-10-kodane F20–29, F30.1, F30.2, F30.8, F30.9, F31, F32.3, F33.3.

Polikliniske kontaktar er definert som kontaktar der pasienten (eller pårørende) var fysisk til stades, og blei skriven inn og ut same dato (inkluderer både polikliniske konsultasjonar og dagbehandling). Indirekte polikliniske kontaktar er ikkje inkludert her.

Resultat


Kvart år var det knapt 20 000 vaksne med alvorleg psykisk lidning i poliklinisk behandling ved psykisk helsevern, tverrfagleg spesialisert rusbehandling eller hos avtalespesialist i psykisk helsevern, med omtrent 308 000 polikliniske kontaktar per år i Noreg.

Pasientraten varierte i buområda frå 4 til 11 vaksne med alvorleg psykisk lidning i poliklinisk behandling per 1 000 innbyggerar per år. Kontaktraten varierte i buområda frå under 43 til 262 kontaktar per 1 000 innbyggerar, med litt over 95 som gjennomsnittleg årsrate.

Vaksne med alvorleg psykisk lidning hadde i gjennomsnitt 16 polikliniske kontaktar per år, men talet varierte i buområda frå 8 til 23 polikliniske kontaktar per år.

Buområde	Tal kontaktar	Tal pasientar	Kontaktar per pasient
Lovisenberg	25 402	1 099	23,1
Sørlandet	22 982	1 097	20,9
St. Olavs	21 546	1 213	17,8
Stavanger	26 369	1 514	17,4
Diakonhjemmet	10 733	634	16,9
OUS	20 739	1 241	16,7
Møre og Romsdal	14 424	908	15,9
Bergen	30 580	2 014	15,2
Telemark	10 508	699	15,0
UNN	8 696	596	14,6
Ahus	23 086	1 589	14,5
Vestfold	13 919	965	14,4
Østfold	10 258	766	13,4
Vestre Viken	24 891	1 874	13,3
Fonna	8 774	684	12,8
Nord-Trøndelag	6 248	511	12,2
Innlandet	15 905	1 313	12,1
Nordland	4 976	428	11,6
Helgeland	2 677	249	10,8
Førde	3 461	329	10,5
Finnmark	1 971	255	7,7
Noreg	308 145	19 586	15,7

Poliklinisk behandling for vaksne (18-64 år) med alvorleg psykisk lidning i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidingar. Tal kontaktar, tal pasientar og kontaktar per pasient fordelt på buområde og landet. Gjennomsnittsverdiar per år (2014-2018).



Kjelde: NPR/SSB

Kontaktate for vaksne med alvorleg psykisk lidning. Tal polikliniske kontaktar per 1 000 innbyggerar, fordelt på buområde og landet. Søylen viser gjennomsnittsverdiar per år for perioden 2014-2018 og prikkane representerer ratar for kvart av åra. Ratane er justert for alder og kjønn.

Kommentar

Det er stor variasjon i poliklinisk behandling for vaksne med alvorleg psykisk lidning, men liten variasjon i pasientraten. Pasientar frå buområde med flest kontaktar per pasient hadde tre gonger så mange kontaktar som vaksne pasientar i buområde med færrest.

Vaksne med alvorleg psykisk lidning får ulik poliklinisk oppfølging, avhengig av kvar dei bur i landet. Behandlingstilboda i dei største byane er meir omfattande for enkeltpasientane, samanlikna med andre stadar. Relativt høgare bruk av poliklinikk i psykisk helsevern og rusbehandling i dei største byane kan også ha bakgrunn i større behov for behandling hos innbyggerane der.